

**Fra:** Søgnen, Martin <masog@statsforvalteren.no>  
**Sendt:** fredag 11. mars 2022 13:13  
**Til:** Postmottak Alver  
**Kopi:** Vatshelle, Øyvind  
**Emne:** RMP-tilskot til spreiling av husdyrgjødsel i vekstsesongen - elvemuslingsvassdrag 2022 – kontakt med føretak - Alver kommune  
**Vedlegg:** Alver kommune.xlsx; Informasjon til føretak.docx

Til kommunar i Vestland med område prioritert for *RMP-tilskot til spreiling av husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen* (nær prioriterte vassdrag med elvemusling).

Oppdatert informasjon for 2022 om *Tilskot til spreiling av husdyrgjødsel i vekstsesongen* blir snarleg publisert på nettsida vår.

Tilskotsordninga er litt endra frå i fjar. Frå i år blir alt arealet til eit føretak inkludert i tilskotsgrunnlaget. Tidlegare var det nokre som fekk for lite tilskot til at ordninga var aktuell. I tillegg er vi meir målretta på kva føretak ordninga gjeld for. Vi tenkjer difor det er nyttig med direkte informasjon til føretaka.

### Liste over føretak

Vedlagt er revidert liste over føretak som kan fylle kriteria for å søkje, oppdatert med opplysningar frå søknad om produksjonstilskot 2021. Vi sendte òg ei slik liste 22.02.2022, men denne var basert på PT-tal frå 2020. Andre som fyller kriteria, men ikkje står på oppdatert liste, kan òg søkje, til dømes dersom drift / omfang er endra sidan i fjar. Ein må fylle kriteria i 2022 for å kunne søkje.

### Kriteria for å kunne søkje «tilskot til tidleggjødsling» for 2022 er:

Alle føretak som disponerer areal i prioritert område (nedbørdfelt for elvemusling), og som anten har:

- # mjølkeproduksjon frå ku
  - # eller har produksjon med storfe, gris eller fjørfe med omfang berekna til 15 gjødseldyreiningar (GDE) eller meir.
- Det kan bli gitt tilskot for alt fulldyrka og overflatedyrka areal som eit godkjent føretaket disponerer, som det blir spreidd husdyrgjødsel på og som blir slått eller beita etter gjødsling. Det kan òg bli gitt tilskot til innmarksbeite som med vedtak er godkjent som spreieareal.
  - Krav om spreiling innan 10. august gjeld alt arealet til føretaket. Føretaka kan ikkje nødvendigvis få tilskot til alt areal dei disponerer, då det er tak på maks tal daa (no 250 daa), men det er med i grunnlaget.
  - Vi har teke utgangspunkt i alle som disponerer areal i nedbørdfelt for elvemusling, sjå [fylkesatlas, kartlag nedbørdfelt elvemusling](#). Dette inkluderer leigeareal så langt det let seg gjere, knytt til gnr/bnr.

### Utsending av informasjon

Vi tenkjer å sende informasjon direkte til dei føretaka som kan fylle kriteria for å søkje på RMP-tilskot til spreiling av husdyrgjødsel i vekstsesongen (ved elvemuslingsvassdrag, gjødsling seinast 10. august). Sjå utkast til tekst under. Det blir sendt til potensielle søkerar i samsvar med tilsendt liste.

Vi ønskjer tilbakemelding **innan onsdag 16.3** på følgande:

\* Ønskjer de at vi sender slik info til potensielle søkerar i dykkar kommune? Eller ønskjer de å heller sende ut tilsvarende sjølv?

\* Har de ønskje om endringar? Sjå tekst i vedlegget *Informasjon til føretak*

Føretaka som kan fylle kriteria for «tilskot til tidleg gjødsling» kan òg søkje RMP-tilskot til ugjødsla kantsone i eng langs vassdrag. Vi informerer ikkje om dette i same e-post/ sms, då det er mange fleire føretak som kan søkje kantsonetilskotet og som ikkje vil få tilsvarende informasjon. I år har vi dessverre ikkje høve til å sende informasjon direkte til alle føretaka som kan fylle kriteria for å søkje «kantsonetilskotet» sjølv om ordninga er utvida med 12 nye prioriterte område.

Med venleg helsing

**Martin Søgnen**

rådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon: 57 64 30 79

E-post: [masog@statsforvalteren.no](mailto:masog@statsforvalteren.no)

Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)